

# MODUL ③ Frå morgon til kveld




3A

## Om morgonen



## Frukost

- Mor:** Vil du ha brød eller frukostblanding?  
**Anita:** Ei brødskive, takk.  
**Mor:** Kva vil du ha på brødskiva?  
**Anita:** Eg vil gjerne ha ost.  
**Mor:** Her har du osten. Vil du ha eit egg også?  
**Anita:** Nei takk.  
**Mor:** Vil du ha jus eller mjølk?  
**Anita:** Kan eg få eit glas jus?  
**Mor:** Ja, det kan du.  
**Anita:** Kva vil du drikke, då?  
**Mor:** Eg tar ein kopp te.



## Om morgonen

Nina er på badet. Siri står utanfor.

**Siri:** Nina, er du ikkje ferdig? Eg skal dusje.

**Nina:** Snart. Eg sminkar meg.

**Siri:** Kan du skunde deg!  
Du bruker alltid så lang tid!

Nina opnar døra.

**Nina:** Kom inn, då.

**Liv:** Hei, jenter, er de snart ferdige?  
Eg skal pusse tennene.

**Nina:** Snart. Siri dusjar, og eg sminkar meg.

**Liv:** Kan de skunde dykk?



### Jobb saman to og to. Svar på spørsmåla.

1. Kor er Nina?
2. Kor står Siri?
3. Kva gjer Nina på badet?
4. Kva vil Liv gjere?
5. Kvifor kan ikkje Liv komme inn på badet?
6. Kva seier Siri til Nina?
7. Kva seier Liv til Nina og Siri?
8. Kva er sminke?



### Jobb saman to og to. Svar på spørsmåla.

1. Kva vil Anita ete til frukost?
2. Kva vil ho ha på brødskiva?
3. Vil Anita ha egg?
4. Vil ho ha mjølk?
5. Kva vil mora til Anita drikke?
6. Kva drikk du til frukost?
7. Kva et du til frukost?
8. Når et du frukost?
9. Drikk du te eller kaffi?





## Amir kjem for seint på skulen

**Læraren:** Amir! Du kjem for seint. Kva er klokka?

**Amir:** Eh... eg veit ikkje.

**Læraren:** Ho er ti over halv ni.

**Amir:** Å ja, beklagar.

**Læraren:** Timen begynner klokka halv ni.

**Amir:** Ja, eg veit det, men bussen ...

**Læraren:** Ok, bussen ...

**Amir:** Når har vi friminutt?

**Læraren:** Klokka ti.

**Amir:** Frå klokka ti til ...

**Læraren:** Til kvart over ti.

**Amir:** 15 minutt pause?

**Læraren:** Ja, friminuttet er eitt kvarter.

**Amir:** Ok ...

**Læraren:** Og så fortsett vi i ein og ein halv time, til kvart på tolv. Då er det storefri. Då har de pause i tre kvarter.

**Amir:** I 45 minutt?

**Læraren:** Ja, det stemmer, Amir.



**Jobb saman to og to.**  
**Svar på spørsmåla.**

- |  |                            |
|--|----------------------------|
| 1. Når begynner timen?                   | 6. Når har de storefri?    |
| 2. Kvifor kjem Amir for seint på skulen? | 7. Når sluttar skulen din? |
| 3. Når har dei friminutt?                | 8. Kva betyr eit kvarter?  |
| 4. Når har dei storefri?                 | 9. Kva betyr beklagar?     |
| 5. Når begynner skulen din om morgonen?  |                            |

## Ein føremiddag

Amir står opp klokka sju. Han et frukost klokka halv åtte. Klokka åtte tar han bussen til skulen. Han er på skulen frå klokka halv ni til klokka to. På skulen bruker han nettbrett og lærer norsk.

Frå kvart på tolv til halv eitt er det storefri. Då går han i kantina og et mat. Han drikk mjølk eller vatn.

Amir kjem heim frå skulen klokka halv tre. Så gjer han lekser og høyrer på musikk. Han liker å høyre på musikk.



**Jobb saman to og to.**  
**Svar på spørsmåla.**

- |                                   |                              |
|-----------------------------------|------------------------------|
| 1. Når står Amir opp?             | 8. Når står du opp?          |
| 2. Når et han frukost?            | 9. Tar du bussen til skulen? |
| 3. Når tar han bussen til skulen? | 10. Når begynner skulen din? |
| 4. Når er han på skulen?          | 11. Når sluttar skulen din?  |
| 5. Kva gjer han i storefri?       | 12. Når kjem du heim?        |
| 6. Når kjem han heim?             | 13. Høyrer du på musikk?     |
| 7. Kva gjer han etter skulen?     | 14. Gjer du lekser?          |

## Rollespel

Tenk at du et frukost med venner.  
Kva seier de då?



# MODUL ⑤ Livsmeistring



5A

## Søsken og halvsøsken



### Magnus og Tone er søsken

Magnus er tretten år. Søstera hans, Tone, blir snart seksten. Foreldra deira er skilde. Dei bur hos dei annakvar veke: ei veke hos mor, og så ei veke hos far. Mora har ein sambuar som heiter Kristian. Saman har dei ei dotter som heiter Lise, og som er atten månader gammal.

Faren til Magnus er gift med ei ny dame no. Dei har to barn, Emma, som er fire år gammal, og Tobias som snart blir to. Så Magnus har tre små halvsøsken. Kvar sommar reiser dei på ferie to veker saman med faren og to veker med mora. Dei reiser ofte til utlandet med faren og på hytta med mora.

?!

**Jobb saman to og to.**  
**Svar på spørsmåla.**

1. Kor gamle er Magnus og Tone?
2. Kven bur dei saman med?
3. Kor mange halvsøsken har dei?
4. Kva gjer dei i sommarferien?
5. Kor mange søsken har du?
6. Har du nokon halvsøsken?

### Søsken og halvsøsken

- Nina:** Hei, Tone, kor skal du etter skulen?  
**Tone:** Eg skal heim.  
**Nina:** Skal vi slå følge?  
**Tone:** Ja, gjerne det, men eg bur hos pappa denne veka, ikkje hos mamma.  
**Nina:** Å ja, det er sant. Foreldra dine er skilde. Synest du ikkje at det er slitsamt å flytte kvar helg?  
**Tone:** Eg er vand til det. Eg er like glad i mamma og pappa, så eg synest det er fint å bu hos dei annakvar veke.  
**Nina:** Liker du den nye kona til faren din?  
**Tone:** I starten var eg sur på pappa fordi han hadde fått ein ny kjærast. Men eg blei kjend med ho, og no synest eg ho er grei.  
**Nina:** Har mora di også gifta seg igjen?  
**Tone:** Nei, men ho har ein sambuar. Eg er glad for at ho også har ein ny kjærast.  
**Nina:** Kranglar ikkje foreldra dine mykje?  
**Tone:** Nei, dei krangla mykje før dei blei skilde, men no er dei venner. Dei bestemte seg for å samarbeide. Då er det lettare for meg og Magnus.  
**Nina:** Kor gammal er broren din?  
**Tone:** Han er tretten. Men eg har fått tre nye søsken no. Pappa har fått to barn med Trine, og mamma har fått eit barn med Kristian.  
**Nina:** Så no har du tre små halvsøsken! Korleis liker du det?  
**Tone:** Dei er søte, då! Men det er ganske mykje jobb med dei også.  
**Nina:** Må du også passe dei?  
**Tone:** Eg har gjort det nokon gonger når mamma eller pappa skal ut om kvelden. Det er ikkje så vanskeleg når dei ligg og søv berre. Eg får nokon pengar for å passe dei då.  
**Nina:** Det er jo fint, då!



?!

**Jobb saman to og to.**  
**Svar på spørsmåla.**

1. Kvifor flyttar Tone kvar helg?
2. Kven bur faren til Tone saman med no?
3. Kven bur mora til Tone saman med no?
4. Kor mange søsken har Tone?
5. Kva synest Tone om denne situasjonen?
6. Kva synest du om at Tone bur halvparten av tida hos mora og halvparten av tida hos faren?



## Gift og skild

Grethe og Petter gifta seg for 17 år sidan. Dei fekk to barn, Magnus og Tone, og Grethe var heime med barna. Petter jobba mykje.

- Kvifor er du aldri heime? Eg er sliten, sa Grethe.
- Eg er også sliten, sa Petter, og du klagar så mykje.

Dei begynte å krangle, og til slutt blei dei skilde. Magnus og Tone var lei seg.

- Kvifor må de skilje dykk? spurde Tone.
- Kven skal vi bu hos? sa Magnus. Dei var glade i både mamma og pappa.

No prøvde foreldra å samarbeide. Dei slutta å krangle. Petter flytta til eit hus ikkje langt borte.

- De kan bu hos oss annakvar veke, og fortsette å ha same venner og kort veg til skulen, fortalde dei.



**Jobb saman to og to.**  
**Svar på spørsmåla.**

1. Kva gjorde Grethe og Petter for 17 år sidan?
2. Kva skjedde etter at dei fekk barn?
3. Kvifor blei Magnus og Tone lei seg?
4. Kor flytta Petter?
5. Kva gjorde Grethe og Petter etter at dei var skilt?
6. Er det vanleg å skilje seg i ditt heimland?



## Bryllaup

Etter ei stund trefte Petter ei ny dame, Trine, og Grethe trefte ein ny mann. Dei blei etter kvart kjent med Magnus og Tone. Etter nokon år ville Petter gifte seg igjen.

Trine og Petter gifta seg på rådhuset. Etter vigselen hadde dei bryllaupsfesten på ein restaurant. Det var omtrent 50 gjestar. Tone og Magnus var også der. Middagen varte i over fire timar. Medan dei åt, var det mange som heldt tale til brudeparet. Nokon hadde laga songar som dei song. Etter middagen var det dans.



**Jobb saman to og to.**  
**Svar på spørsmåla.**

1. Kva gjorde Grethe og Petter etter at dei vart skilde?
2. Kor budde Magnus og Tone etter at foreldra vart skilde?
3. Kor gifta Petter og Trine seg?
4. Kor mange gjestar kom i bryllaupet? Synest du dette er mange?
5. Korleis var bryllaupsmiddagen, og kva gjorde dei då?

## Eg er eldre enn deg

Grethe har tre barn no. Tone er femten år. Ho er eldst. Magnus er yngre enn Tone. Han er tretten år. Men Lise er yngst. Ho er berre atten månader gammal. Petter har gifta seg med ei dame som heiter Trine. Dei har fått to barn som heiter Kine og Einar. Kine er eldre enn Einar. Ho er fire år, medan Einar er snart to år.

– Eg er størst av barna, seier Tone. Du er mindre enn meg, Magnus, så eg kan bestemme meir enn deg.

– Ja, men eg er større enn Kine og Einar, seier Magnus. Og Lise er minst av alle.



### Jobb saman to og to. Svar på spørsmåla.

1. Kor mange barn har Grethe?
2. Magnus er 13 år. Kor mange år eldre er Tone?
3. Kvifor meiner Tone at ho kan bestemme meir enn Magnus?
4. Kor mange barn har Petter med Trine?
5. Kven er minst av alle barna?



### Snakk saman.

Fortel om søskena dine og kor gamle dei er. Kven er eldst og kven er yngst? Er det vanleg å skilje seg i dykkar heimland? Kva synest de om det? Kor er det vanleg at barna bur etter at foreldra er skilde? Kva er best for barna? Er det vanleg å vere sambuar i dykkar heimland? Kva synest de om det?



### Skriveoppgåver

1. Skriv ein e-post til ein venn om korleis ein feirar bryllaup i ditt heimland. Kor mange dagar varer bryllaupet? Kor mange gjestar pleier å kome?
2. Skriv ein tekst om eit barn som opplever skilsmisse.
3. Skriv om ein typisk familie i ditt land.
4. **Skriv ein tekst om kva du ser på bilda.**

